

# Hareid Idrettslag Årsmøte 2023



**22.mars 2023**

# Årsmelding for 2022 frå Hovudstyret

Hovudstyret hadde frå årsmøtet 23. mars 2022 denne samansetjinga:

Leiar:	Olav Sindre Rise
Nestleiar:	Jeanette Teigene
Styremedlem:	Harald Møller
Styremedlem:	Cecilie Bjørlykke
Styremedlem:	Ina Flø Næsset
Styremedlem:	Vivian Johansen
Styremedlem:	Kenneth Nicolaisen
Varamedlem:	Evelyn Røren
Varamedlem:	Leiar friidrett

Geir Sæther gjekk inn som nytt varamedlem frå han vart leiar i friidrettsgruppa 01.06.22.  
Han har sidan møtt i alle styremøte.

Styret tilfredsstiller krava til kjønnsbalanse i samansetjinga.

Olav Sindre Rise og Harald Møller har representert Hareid Idrettslag i Hareid Idrettsråd. Rise er medlem av styret i idrettsrådet.

Styret har halde 13 møter og behandla tilsaman 75 saker.

Det er særleg to saker som arbeidet i hovudstyret har kretsa om:

## Markeringa av 100 årsjubileet

Jubileumsnemnda har vorte leia av Jeanette Teigene og dei forskjellige prosjekta har vorte utvikla med utgangspunkt i denne nemnda. Ved hjelp av ei rekke tiltak og arrangement har vi fått markert laget og vist fram breidda i aktivitetstilbodet vårt på ein god måte.

Det starta med ei sterk markering mellom anna med eigne banner og mange deltakarar i 17.-mai-toget under laget si fane.

Gjekk vidare til ei storhelg i midten av juni med aktiv deltaking i fleire arrangement i samarbeid med «Hareid i 100». Turnstemne med tilhøyrande parade gjennom sentrum. Besøk av turnaren Odin Kalvø. Til slutt showkamp i fotball på kunstgrasbana søndagskvelden.

Helga etter stod i folkehelsa i sentrum med trimgruppas arrangement av fellesturar i den lokale fjellheimen.

I august hadde friidrettsgruppa børsta støvet av Hadarleikane og hadde stort arrangement med over 100 unge deltakarar på stadion.

Månaden etter var det aktivitetsdag ved idrettsanlegget der alle gruppene baud inn bygdefolket til forskjellige aktivitetar.

I oktober gjekk vi tungt inn i Hareidstemna: Vi hadde to arrangement for ungdom og foreldre med foredrag av profilar som Adil Kahn og Marco Elsafadi. Dessutan lansering av jubileumsboka på biblioteket og quiz-kveld på ungdomsskulen.

Jubileumsåret var avrunda i romjula med jubileumsfesten for 150 innbedne gjester i kantina på Hareid Group og offisiell opning av Basishallen 28. desember – sjølvaste bursdagen og den tradisjonelle Grendacupen dei to påfylgjande dagane.

Jubileumsmarkeringane har gitt laget ei god positiv merksemd i lokalmiljøet.

Laget vart også tildelt Frivilligprisen for Hareid. Dette representerer ein anerkjennelse som er ekstra sterk sidan det 2022 var både vart jubileumsår og Frivilligheits år nasjonalt.

## **Basishallen**

Vedtaket som å bygge ein ny turnhall (seinare kjend under det offisielle namnet Basishallen) vart gjort samråystes i eit ekstraordinært årsmøte hausten 2021. Det første spadestikket vart teke på vårparten i fjar og anleggsarbeidet starta rett etter påske. Målsetning var at det heile skulle vere klart til bruk innan utgangen av året.

Og midt i desember stod den nye bestestova klar og den offisielle opninga kunne gjennomførast etter planen på laget sin bursdag 28. desember. Eit bygg spekka av moderne utstyr og eit hav av moglegheiter til aktivitetar – eit bygg der også trygghet for utøvarane er sett i høgsetet.

Harald Møller har på vegne av hovudstyret hatt hyppige og regelmessige oppfylgjingsmøter med byggeleiar og entreprenørar.

Byggearbeidet har gått heilt etter planen, men kostnadane har vorte noko høgare enn utgangspunktet som ei fylgle av Russlands angrep på Ukraina. Kostnadsauken har totalt sett vore på om lag 1,3 millionar kroner.

I sommar oppstod det eit nytt problem – mykje av det utstyret ein hadde tenkt å gjenbruke, var utdatert og måtte erstattast av nytt. Ny stor prisauke på turnoutstyr truga berre veker unna, så det vart ein hektisk sommar. Vår generalsponsor, Sparebanken Møre, stilte opp med ein støttepakke i millionklassen, samtidig som turngruppa sjølv bidrog med store beløp av eigne midlar let ustyrssinnkjøpet seg gjennomføre.

## **Medlemskap i HIL ved årsskifte 2022/2023**

Gruppe	0-5 år		6-12 år		13-19		Vaksne		I alt
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Menn	Kvinner	
Friidrett	0	0	31	36	12	12	6	6	103
Handball	0	0	0	44	0	30	2	15	91
Turn	31	40	45	93	0	20	5	18	252
Fotball	0	0	139	16	51	42	79	13	340
Støttemedlemmar	0	0	0	0	0	0	5	9	14
Heile HIL	31	40	215	189	63	104	97	61	800

Dette er ein oppgang sidan 2021/2022 med 95 medlemmar. Størst oppgang er det i turngruppa frå 171 eitt år tidlegare. Dei siste tala viser at turngruppa held fram å vekse og har fått rundt 80 nye medlemmer sidan nyttår.

Denne oversikta viser vel elles at vi må ha eit potensiale for støttemedlemmer – dersom vi greier å gjere det enkelt for dei å betale.

Når det gjeld den idrettslege aktiviteten i laget viser vi til fyldige årsmeldingar frå det ulike gruppene.

### **Økonomi:**

Alt i alt må den økonomiske situasjonen seiast å vere tilfredsstillande. Men vi har også teke på oss plikter som gjer at vi vil få det meir krevjande i åra framover  
Rekneskapen er gjort opp med eit driftsresultat på 148.000 kroner.

Vi har vore gjennom markeringa av eit jubileum som i stor grad genererte kostnader og lite inntekter. Slik måtte det bli. Vanskeleg var det å budsjetttere jubileumsarrangementa også – sidan vi aldri har hatt eit så stort jubileum før.

Hovudsakleg på grunn av det økonomisk løftet som 100 års-markeringa var, vart det heller ikkje rom for overføringer av sponsormidlar til gruppene.

Det er framforhandla nye fleirårige avtalar med alle sponsorane bortsett frå ein og ein ny har kome til. Tanken er no å sette inn ein offensiv for å auke talet på sponsorar. Konjungturane tilseier at det vert kamp om kronene, men ingenting skal vere uprøvd.

Hovudstyret har fordelt og overført 369.598 kroner i LAM-midlar til gruppene sist haust. 241.425 kroner i momsrefusjon som kom heilt på tampen av året, vert fordelt og overført gruppene månadsskiftet februar/mars.

Som fylgje av lovpålegg med bakgrunn i storleiken på eigedomsmassen måtte vi frå i år gå over til registrert revisor. Revisjonsselskapet BDO vart vald i ekstraordinært årsmøte på forsommaren. Val av revisor skal framleis vere fast punkt på saklista i det ordinære årsmøtet.

## **Personale:**

Ola Kalvø Vattøy er dagleg leiar på full tid og Eli Grete Warpe har vore tilsett som rekneskapsmedarbeidar på timebasis. Ordninga med rekneskapsmedarbeidar vart avvikla ved siste årsskifte då ein har gått inn på ei vidare bruk av det databaserte rekneskapssystemet vi har utstyrt oss med.

Tor Henning Andersen har vore vaktmeister og Ann Hilde Andersen har vore tilsett som reinhaldar. I samband med opninga av Basishallen har vi inngått ein reinhaldsavtale med MøreDrift som femner både om Basishallen, Klubbhuset og Hadarhallen. Men Tor Henning Andersen held fram i funksjonen som vaktmeister.

## **Æresmedlemmar:**

Hovudstyret utnemnde ikkje mindre enn fem nye æresmedlemmer i samband med 100 årsjubileet. Ågot Grimstad Riise (71), Harald Møller (69), Gunnar Aursnes (77), Vidar Vollsæter (72) og Leiv Arne Grimstad (71). Dei fem slitarane fekk sin velfortente hyllest både under lanseringa av jubileumsboka på Hareid Folkebibliotek i oktober og meir offisielt under jubileumsfesten på sjølvaste skipingsdatoen 28. desember.

## **Sluttmerknad:**

Hovudstyret vil nytte det høvet å takke alle som siste året har vore med å hjelpt til for at Hareid Idrettslag greidde å halde det høge aktivitetsnivået som vi faktisk greidde.

For å minne om det viktige arbeidet vi gjer, tek vi med siste avsnittet av eit kåseri som Øystein Orten har skrive i jubileumsboka «Idrettsglede gjennom 100 år». På jubileumsfesten i romjula framførte også forfattaren sjølv kåseriet. For mange truleg eitt av høgdepunkta på festen:

*«Dei siste åra begynte det også å demre for meg at utan desse vaksne som hadde vore med som leiarar, trenrarar, oppmenn, vaskarar, sjåførar og hjelparar av alle slag år ut og år inn, hadde eg aldri fått oppleve så mykje lærerikt og skøy, noko som har gjort meg glad kvar gong eg har tenkt på denne tida, heilt fram til i dag. Eg har vore svært heldig! Og sjølv*

*om det i fleire tilfelle er for seint no, vil eg likevel seie til alle desse frivillige – Takk! Og takk igjen. Utan dokke osv.»*



**Sju æresmedlemmer samla på eitt brett under jubileumsfesten 28. desember 2022. Framme frå venstre Leiv Arne Grimstad (nyutnemnd), Gunnar Aursnes (nyutnemnd), Kåre Oksavik (utnemnd 1982), Signe Bjåstad (utnemnd 1997). Bak frå venstre Harald Møller (nyutnemnd), Vidar Vollsæter (nyutnemnd) og Ågot Grimstad Riise.**

Hareid den 13. mars 2023

Olav Sindre Rise

Jeanette Teigene

Harald Møller

Cecilie Bjørlykke

Leiar

Nestleiar

Kenneth Nicolaisen

Vivian Johansen

Ina Flø Nesset

Geir Sæther